

# Saksframlegg

Sakshandsamar: Markus Mohn Werner  
Arkivsaksnr.: 16/2300-22

Arkiv: PLAN 1420-2015006

## Detaljreguleringsplan Rv. 55 Bondeviki - Fardal

### \* Tilråding:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan Rv.55 Bondeviki – Fardal, datert 11.10.2018, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

### Vedlegg:

1. Plankart, dagsett 11.10.2018
2. Føresegner, dagsett 11.10.2018
3. Planomtale, dagsett 11.10.2018
4. Plan og profildeikningar
5. Støysonekart
6. ROS-analyse
7. Konsekvensutgreiing kulturmiljø
8. Konsekvensutgreiing naturmangfald
9. Merknader til høyring og offentlig ettersyn
10. Vurdering av merknader

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn:

Statens vegvesen har utarbeidd framlegg til detaljreguleringsplan for utbetring av vegstrekninga Rv.55 Bondeviki – Fardal. Statens vegvesen har sjølv fremja forslag til detaljreguleringsplan og lagt framlegget ut til høyring og offentlig ettersyn, etter avtale med planmyndigheita jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 3-7.

Føremålet med planen er å utbetre eksisterande Rv. 55 til vegnormalstandard på den om lag 3 km lange strekninga Bondeviki til Fardal, for å få betre drenering og kurvatur. Vegen vil få litt breiare køyrebane. I tillegg vil og vegskuldrar bli breiare for å legge betre til rette for sykling på strekninga.

På bakgrunn av tildelte løyvingar i Nasjonal transportplan vart den 300 meter lange strekninga langs austre del av busetnaden i Fardal til avkøyrslø Øvstedalsvegen ikkje med i prosjektet. I handlingsprogrammet for perioden 2018-2023 ligg prosjektet inne med kr 68,7 mill. (2018-kr), med oppstart i 2022 med kr 30 mill. og fullføring med resterande kr 38,7 mill. i 2023. I tillegg står det att ein rest frå tidlegare løyving, slik at disponibel sum for gjennomføring av prosjektet er kr. 81 mill. I samband med reguleringsplanarbeidet er det utarbeidd kostnadsoverslag for gjennomføring av tiltaket. Kostnaden er rekna til ca. kr 124 mill. med ei uvisse på 10 %. Prosjektet er difor ikkje fullfinansiert og vidare framdrift er ikkje avklart.

#### Konsekvensutgreiing:

Forslagsstillar vurderte at kulturminneverdiar i området utløyste krav om konsekvensutgreiing for tema kulturminne/-miljø etter reglane i §§ 3 og 4 i KU-forskrifta. Det vart i samråd med Fylkesmannen bestemt at det óg skulle utarbeidast konsekvensutgreiing for naturmangfald på

grunn av utvalde naturtypar i området. Planmyndigheita var samd i forslagsstillar sin vurdering av krav om konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga (vedlagd) syner kulturmiljø av stor verdi og naturverdiområde av stor verdi. Planframlegget er basert på veglinjealternativet med lågast påverknad på kulturmiljø og naturmangfald. Vurdering etter naturmangfaldslova er gjort i planen.

#### *Planprosess:*

Oppstart av planarbeidet vart varsla i april 2015. Det vart halde ope møte 22. april 2015 på kommunehuset og utkast til plan vart drøfta i møte med grunneigarar 17.10.2017. Planarbeidet vart drøfta i regionalt planforum i mars 2016, med påfølgande synfaring. Planframlegget låg til høyring og offentleg ettersyn i perioden 19.02 - 05.04.2018 og vart lagt ut på nytt i perioden 25.06 – 31.08.2018 på grunn av endringar i planen. I høyringsperioden kom det inn 8 merknader, desse er kommentert i vedlegget «Vurdering av merknader».

#### **Vurdering:**

Planen vil erstatte delar av reguleringsplanane Eskestrand (PlanID: 1420-1996002) og Rv.55 Stedjeberg tunnelen (PlanID: 1420-2004009). I samråd med planmyndigheita har Statens vegvesen ikkje inkludert resterande delar av reguleringsplan for Eskestrand i planområdet, kun det naudsynte arealet for veganlegget, for å halde vurderingar av arealbruken i tilgrensande områder utanfor dette planarbeidet. Dette er gjort med bakgrunn i overføring av planførebuing til statleg myndigheit, jf. pbl. § 3-7.

Gjennom konsekvensutgreiinga er det sikra at det valde veglinjealternativet gjev lågast konsekvensar for naturmangfald og kulturmiljø. Funn i ROS-analysen er sikra gjennom framlegg til tiltak og oppfølging i byggjefasen, og i naudsynt grad gjennom føresegner.

Streng haldningsklasse for avkøyrslar langs vegen og krav til utforming og sikt i avkøyrslar, gjer til at enkelte tilkomstlar til eksisterande naust og nausttomt vert stengt som følgje av tiltaket. Statens vegvesen har tilpassa prosjektet til merknader frå grunneigarar så langt det har vore mogleg innanfor rammene av løyvde midlar. Planprosessen har vore grundig og avklart dei vesentlege tilhøva i planområdet.

Merknadar til offentleg høyring og ettersyn er summert og vurdert i vedlegg 10 og vi sluttar oss til desse i sin heilskap.

Utbetring av strekninga Bondeviki - Fardal vil betre trafikktryggleiken gjennom utbetring til dagens vegstandard, med breiare vegskulder for syklende og gåande. Ideelt sett burde gang- og sykkelvegen på utsida av Stedjeberget vorte vidareført, men dette er vurdert til å vere svært omfattande og kostnadskrevjande innanfor krava i vegnormalen. Prosjektet er ein viktig del av målet i kommuneplanen om samanhengande veg for syklende mellom Leikanger og Sogndal. I det vidare bør det arbeidast for å få fullfinansiert prosjektet, og starte opp planarbeid for attståande strekning aust for Fardalselva.

Rådmannen rår til at planen vert vedteken slik den no ligg føre.

Sogndal, 12.10.2018

Jostein Aanestad  
rådmann